

Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristik

Rosendal

– Møtestad og baroni i alpine omgjevnader

2. Områdeavgrensing, plassering (beliggenhet i Askeladden). Sjå kart.
3. Skildring av området (maks 1 side)

Den sentrale delen av bygda Rosendal ligg på moreneterrasser ned mot Hardangerfjorden, eit særmerkje ved området er dei alpine kystfjella kring bygda. Hattebergelva og Melselva kjem ned dalføra mellom fjella, gjennom terrassane i bygda, og renn saman og ut i Skålafjøra. Landskapet har bydd på gode vilkår for busetnad, og her er store jordbruksareal på ein vid strandbrem, men det er og mykje prega av ras i frå fjella rundt.

Dei kulturhistoriske elementa i landskapet byrjar alt i steinalderen med sine fangstbuplassar. Området frå Seimsfoss til Løfallstrand har buplassar like så gamle som i ytre strøk. Garden Skåla sentralt i bygda har spor etter meir eller mindre fast busetnad frå alle fasar gjennom forhistoria. Det er dei solvarme sørvestvente liene som har vore attraktive i all tid.

Dei arkeologiske spora spenner vidt og viser ei markert auke i bronse og jernalder og inn i kristen tid. Her er rike grav- og skattefunn, og fleire langskipstufter i bygdene kring Rosendal vitnar om organisert makt her alt i eldre jernalder. Den største gravhaugen på Folgefonnhalvøya låg på Skåla og var 28 meter i tverrmål. Av i alt 7 tufter etter langskipsnaust ligg framleis tufta i Skipadalen godt synleg i terrenget. Rosendal har hatt fleire steinkyrkjer i frå mellomalderen, og her er mellomaldergravplass. Kyrkja på Skåla var fjordungskyrkje og ligg på ein framskoten kvelving i landskapet. Kyrkja på garden Mel er knytt til lendmannen Gaut frå Mel i høg mellomalderen.

I Rosendal ligg og Baroniet, dette ligg noko tilbaketrekt frå sjøen på garden Hatteberg. Her står framleis slottet frå 1660-65 med barokke trekk, og renessansehagen frå same tid. Baroniet fekk namnet Rosendal i 1678, eit namn som i nyare tid kom til å verte brukt om heile bygda. Baroniet er det einaste i Noreg. Parken vart utvida i 1870-75, med ein landskapshage i romantisk stil. I eit slående samspel med nærområda når hagekunsten i Noreg her eit av sine høgste uttrykk, og landskapshagen er heldt fram som eit sentralt verk i romantikkens kunst i Norge. Her er og ein viktig avlsgard som var med å fornya jordbruket på Vestlandet. Så langt fram som i 1929 var Baroniet eit av dei største leiglendingsgodsa i Noreg, oppført med 546 bruk. Landskapet er svært inntrykkssterkt.

I nyare tid flytta tyngdepunktet i bygda seg ned mot sjøen. Her stod oppgangssag og verft. På 1800-talet vart Skålafjøro i Rosendal kjend for bygging av hurtiggåande jekter, ein av desse er Roald Amundsen sitt skip «Gjøa».

4. Fastsetting av landskapskarakter:

Rosendal ligg i eit skålforma landskap ved Hardangerfjorden, med alpine fjell som ein krans i sør og aust. Strandstaden Rosendal ligg i fjordbukta, og dei sørvestvende bakkane er jordbruksareal med stor tidsdjupne. Rosendal er ei fruktbar bygd med store ressursar i inn- og utmark. Gravminna frå jern- og bronsealder, tuftene etter langskipsnaust, og steinkyrkja frå mellomalderen, viser at Skåla lenge har vore ein naturleg møtestad i denne del av fjorden. Det tilbaketrente baroniet på Hatteberg, med høge fjell og gardar med dyrka mark rundt seg, er eit sjeldant landskap der det vesle slottet, naturlandskap, kulturlandskap og hagekunst opplevast som ein heilskap. Landskapet er svært inntrykkssterkt.

5. Nasjonal interesse. Grunngeving for at området er av nasjonal interesse

Rosendal er ein naturleg møtestad med stor tidsdjupne og høg historieforteljande verdi. Ei rekkje kulturminne av nasjonal verdi vitnar om dette, som mellomalderkyrkja på Skåla, tuftene etter langskipnausta, og mellomaldergravplassen. Baroniet Rosendal er eineståande i nasjonal samanheng, og spelar opp mot landskapsrommet utanfor anlegget i ei heilskapleg oppleving. Det freda anlegget har høg arkitektonisk verdi, og landskapshagekunsten i Noreg når her eit svært høgt uttrykk. Landskapshagen er heldt for å være eit sentralt verk i romantikken sin kunst i Norge. Landskapet i Rosendal har som heilskap sjeldan visuell styrke.

6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvaltning

Sårbarheit og tolegrenser:

Landskapet er sårbart for høge eller strukturar mellom Baroniet og sjøen, og for nedbygging av kulturlandskapet rundt Baroniet. Opplevinga av Baroniet er svært sårbart for store strukturar i nærområda. Meldalen er sårbar for attgroing.

Forvaltning:

Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.